

## ***STYREPROTOKOLL***

Onsdag **13. desember 2017** holdt styret for Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS styremøte. Møtet blei leia av styreleiar Astri Furumo.

<b>MØTESTAD:</b>	Åsbygata 3, Haugesund
<b>MØTESTART/-SLUTT:</b>	kl. 17.00 – 18.00
<b>FRÅ STYRET MØTTE:</b>	Astri Furumo, Simon Næsse og Siv Bente Stople Østbø
<b>FRÅ SELSKAPET MØTTE:</b>	Dagleg leiar Toril Hallsjø
<b>INNKALLING:</b>	Godkjent med utsending pr. e-post 06.12.17
<b>SAKSLISTE:</b>	Ingen merknader

### **Følgjande saker blei handsama:**

#### **SAK 19/17 – GODKJENNING AV PROTOKOLL 19.10.17**

**Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:**

Protokoll frå styremøtet den 19.10.17 blir godkjent.

**Styrehandsaming 13.12.17:**

Styret hadde ingen merknader til protokollen.

**Samrøystes vedtak 13.12.17:**

*Protokoll frå styremøtet den 19.10.17 blir godkjent.*

#### **SAK 20/17 – REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 13.12.17**

20. Møteplan for 2018
21. Resultatene frå lønsforhandlingane 02.11.17 (*unntatt off. – OFL § 23.1*)
22. Høstkonferansen – Forum for kontrollutvalg i Rogaland 30.11.17 i Sandnes
23. Invitasjon til NKRFs Kontrollutvalgskonferansen 2018
24. Invitasjon til FKTs Sekretariatssamling 2018
25. Brev til IKA Rogaland IKS vedr endring av selskapsavtalen
26. Datatilsynet - nye personvernregler frå 2018
27. Rogaland Kontrollutvalgssekretariat – ny nettside: [www.kontrollutv.no](http://www.kontrollutv.no)

**Styrehandsaming 13.12.17:**

Styreleiar orienterte om lønsforhandlingane. Dagleg leiar orienterte om dei andre sakene. Styret kom med spørsmål og kommentarar.

**Samrøystes vedtak 13.12.17:**

*Styret tar referatsakene 20 – 27 til orientering.*

**SAK 21/17 – STATUSOVERSIKT PR. DESEMBER 2017**

**Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:**

Statusoversikt pr. desember 2017 blir tatt til orientering.

**Styrehandsaming 13.12.17:**

Rekneskapsrapport pr. 12.12.17 blei lagt ut. Dagleg leiar gjekk i gjennom tala og orienterte om status om arbeidssituasjon, økonomi og planer. Rekneskapet vil truleg gå i balanse (eit lite overskot eller underskot). Nokre fakturarar manglar, mellom anna porto. Styreleiar framheva godt arbeid om innspel til Haugaland Kraft AS sine nye vedtekter og med selskapskontroll i Karmsund Havn IKS. Styret kom med praktisk råd til skifte av skrivar.

**Samrøystes vedtak 13.12.17:**

*Statusoversikt pr. desember 2017 blir tatt til orientering.*

**SAK 22/17 – MØTEPLAN 2018**

**Dagleg leiar sitt forslag til vedtak:**

*Styret vedtar følgjande møteplan for 2018:*

***tysdag 06.02, torsdag 05.04, tysdag 18.09 og tysdag 04.12 kl. 16.00.***

*Representantskapsmøtet blir sett til måndag 23. april 2018 kl. 18.00*

*Dagleg leiar kan, i samråd med utvalsleiar, endre møtedato dersom det vert naudsynt.*

**Styrehandsaming 13.12.17:**

Leiar og nestleiar gjorde merksam på at dei var oppteken med fylkeskommunale oppgåver datoane 06.02, 05.04 og 23.04. Styret og dagleg leiar blei samd i å flytte fyrste møtet til torsdag 22.02 og det neste til tysdag 03.04 (rett etter påske). Styreleiar bad styremedlem merka seg dato for representantskapet då det hadde vore fint om ho møtte på vegne av styret.

**Samrøystes vedtak 13.12.17:**

*Styret vedtar følgjande møteplan for 2018:*

***torsdag 22.02, tysdag 03.04, tysdag 18.09 og tysdag 04.12 kl. 16.00.***

*Representantskapsmøtet blir sett til måndag 23. april 2018 kl. 18.00 og styremedlem Siv Bente Stople Østbø stiller frå styret.*

*Dagleg leiar kan, i samråd med utvalsleiar, endre møtedato dersom det vert naudsynt.*

**EVENTUELT**

Ingen saker blei meldt.

Neste møte

Neste styremøte blir **torsdag 22. februar**. Møtet vert lagt til Aksdal.

Årsrekneskap og utkast til årsmelding/styreberetning vil då vere klare for handsaming, for i etterkant bli levert revisor.

Aksdal, 13. desember 2017

Astri Furumo (sign.)  
Styreleiar

Toril Hallsjø (sign.)  
Dagleg leiar